

# SEKTORPLAN FOR BARNEHAGANE I SYKKYLVEN 2012-2016

## OVERORDNA KOMMUNALE OPPGÅVER

### Barnehagemynde

Kommunen har ansvar for barnehagetilbodet etter §§ 8 , 10, 12, 12a, og 16 i Lov om barnehagar i kommunen. Ansvaret er knytt til alle sider ved barnehagedrift, kommunal og ikkje-kommunal.

### Ansvarsområde

Det er kommunen som har ansvar for rettleiing til utbyggjarar, godkjenning av drift, rapportering av barnetal i barnehagane, tilskot til drift og samordna opptak for alle barnehagar.

I lova er det slått fast at offentlege og private barnehagar skal handsamast likeverdig, dette betyr at kommunen skal inkludere dei private barnehagane i fellestilbod på dei 5 studiedagane for dei tilsette, og ved fordeling av midlar som kommunen styrer td. spesialpedagogiske tiltak og styrking for barn i førskulealder.

Tilskot til private barnehagar skal dekkast i rammeoverføringa til kommunen, jf forskrift om likeverdig behandling og §14 i lov om barnehagar

Eit heilskapleg kommunalt ansvar for barnehagedrift, inneber at kommunen ut frå sine egne kostnader ved ordinær drift av barnehage, skal gje tilsvarende tilskot til ikkje kommunale barnehagar, eit administrasjonstilskot og eit kapitaltilskot.

### Tilsyn

Plan for tilsyn med barnehagar gjev retningslinjer for det arbeidet kommunen skal gjere som tilsynsmynde etter §16 i Lov om barnehagar.

## FULL BARNEHAGEDEKNING

### Norm for berekning

Definerer ein full barnehagedekning som eit tilbod om heil plass til 100 prosent av søkjarane i årskulla frå 1-5 år, legg ei norm på barnetalet med 100 barn pr. årsklasse i gjennomsnitt, vil full barnehagedekning vere om lag 500 barnehageplassar i kommunen. Då kan den som ønsker plass, få det utan vesentleg ventetid .

### Rett til plass i barnehage

Alle som ønsker plass, har rett frå det hovudopptaket der barnet har fylt 1 år. Heile kommunen er eitt opptaksområde. Det vert lagt vekt på at sjølv skal bestemme kva barnehage dei ønskjer plass ved å setje inn prioriteringar i søkeskjema til samordna opptak. Dersom det ikkje er plass i den/dei barnehagane som er oppsett frå søkjaren, skal det gjevast tilbod på ledige plassar ved andre barnehagar i kommunen.

### Varierte tilbod

I full barnehagedekning legg ein at barnehagane frå hovudopptaket i 2013 tilbyr heile plassar til søkjarane med 5 dagars tilbod til alle som har fylt 1 år innan 01.09. året før. Gjennom samordna opptak, har søkjararne høve til å leggje inn fem alternative barnehagar i søknaden. Brukaren skal ha eit tilbod innanfor kommunen.

### Hovudopptak/samordna opptak

Hovudopptak skjer ein gong i året med søkjefrist 1.mars og oppstart for barna i august. Det er akseptabel ventetid på ein ledig plass at ein søkjar får eit tilbod i løpet av kalenderåret. Utanom hovudopptak er det løpande opptak gjennom heile året. Teljedato for barnetal i barnehagane er i eiga forskrift sett til 15.12. Barnetalet denne datoen ligg til grunn for utrekning av tilskot til ikkje kommunale barnehagar komande budsjettår for barn over og under tre år.

## DRIFTSFORMER FOR BARNEHAGANE I SYKKYLVEN

### Samarbeid kommune/private

Ansvar for å ha eit tilbod til brukarane er i følgje lov og regelverk eit overordna kommunalt ansvar. Kommunen har høve til å inngå avtalar med dei ikkje-kommunale barnehagane slik at tilbodet til brukarane vert mest muleg likt med omsyn til opningstid, bemanning og innhald. Departementet legg likevel opp til at ein som barnehageeigar skal legge vekt på allsidige tilbod slik at brukarane har rom for ulike val.

### Opptaksområde

Heile kommunen er eitt opptaksområde. Frå 1.august 2009 seier barnehagelova at brukarane får oppfylt retten sin til plass i barnehage når tilbodet vert gitt i barnehagen som har 1. eller 2.prioritet når ein søker. Dersom ein ikkje kan få oppfylt 1 eller 2 ønske , har kommunen oppfylt retten dersom det vert gjeve eit tilbod om barnehageplass innanfor kommunegrensa.

### Utbygging

Sykkylven kommune har i dag barnehagar med 2-4 avdelingar og nokre basebarnehagar . For å oppretthalde det tilbodet vi har i dag og sikre framtidige søkjarar plass etter dei kriteria som er sett, tek kommunen sikte på at framtidig utbygging av barnehagar skal skje i eit samarbeid mellom kommunen og private etablerarar.

### Barnetal i kommunen:

Fødselstatistikk Sykkylven	2007	2008	2009	2010	2011	2012
	91	95	105	73	80	45 (pr.juli)

### Overkapasitet

Ved stor overkapasitet i talet på barnehageplassar, må ein vurdere om barnehagar skal leggest ned.

## KOSTNADER VED BARNEHAGEDRIFT I SYKKYLVEN KOMMUNE

Driftskostnader for barn over og under tre år.Barnehagar med mange småbarnsplassar og få plassar totalt har dei høgaste kostnadane når ein fordeler drifta i kostnad pr. heil plass. Småbarnsplassane er dei dyraste plassane å tilby brukarane, i forskrift om likeverdig behandling reknar ein at ein småbarnsplass er 1,8 gongar dyrare enn ein storbarnsplass.

Ein oppnår stordriftsfordelar i einingar med 3 eller fleire avdelingar og det skal vere eit mål at barnehagane har ein viss storleik. Samtidig skal det takast omsyn til at det kan vere grunnlag for å ha mindre einingar for å ha eit variert og brukarorientert barnehagetilbod.

Med retten til barnehageplass frå 2009, er det ei oppgåve for kommunen å sikre at det er nok plassar i kommunen, slik at brukarane får oppfylt retten sin.

Samla kostnad for 2012 i barnehagesektoren er 55-60 millionar kroner. Kostnadsnivået er styrt av kommunen si ordinære barnehagedrift og dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter innanfor barnehagefeltet.

## INNHALD OG KVALITET I BARNEHAGANE

### Lokale/uteområde

Byggmessig har vi i dag barnehagar av ulik kvalitet og med ulike behov for å stette krava til lov , forskrift, brukarane og dei tilsette. HMS (helse, miljø og sikkerheit) arbeid er knytt opp til barn og tilsette gjennom forskrift om miljøretta helsevern. Endringar i avtaleverket med arbeidstidsavtalar som erstattar ubunden arbeidstid, stiller større krav til kontorplass/arbeidsplass for pedagogane i barnehagen. Fleire av barnehagebygga har behov for rehabilitering, støypproblem er ikkje ukjent og tilrettelegging av uteområda med sikringstiltak er ein vedvarande prosess, der kommunen har ansvar for årlege tilsyn og rapportar.

#### Innhald og formål

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd som har i oppgåve å gi barn og føresette eit tilbod knytt til omsorg, læring og leik i trygge omgjevnader. Innhaldet er styrt av lov, rammeplan og det er høve til lokal tilpassing av fagområda i rammeplanen. Gjennom vedtektene og årsplanen har eigar, føresette og andre innsyn i arbeidet som barnehagen gjer. Det ligg føringar i rammeplanen til barnehagen at alt arbeid skal planleggast, dokumenterast og vurderast slik at barnahagen heile tida er ein lærande organisasjon. Dette stiller store krav til dei tilsette og det er ei av leiaren sine viktigaste oppgåver å syte for at personalet følg dei krav som er sett i lovverket.

#### Lokal rammeplan

Barn og føresette skal oppleve at kvalitet ikkje er tilfeldig, men eit resultat av bevisst arbeid frå eigar av barnehagane og dei tilsette. "Den sykkyllvske barnehage" er eit prosjekt som framhevar det som er felles for barnehagane i Sykkylven, samtidig som det er lagt inn rom for lokal tilpassing i tilbodet. Prosjektet **vart** ferdigstilt i 2008. Den sykkyllvske barnehage er utgangspunkt for den lokale rammeplanen som er utarbeidd for barnehagane i Sykkylven. Den lokale rammeplanen skal rullerast kvart 4.år.

#### Rekruttering av kvalifisert personale i barnehagesektoren

##### Personalet

Barnehagane som kommunen eig og driv, har ansvar for ei stor gruppe tilsette. I Sykkylven har vi omlag 60 årsverk i stillingar i barnehagen, i tillegg kjem fleire årsverk inn gjennom spesialpedagogiske tilbod og styrka assistenttilbod. Fleire av stillingane er delte, slik at om lag 80 personar er knytt til dei stillingane vi har pr. i dag. Fordelinga er omlag slik, 1/3 pedagogisk personale og 2/3 assistentar/fagarbeidarar. Kommune har gjort vedtak om å ta inn lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget, desse skal ha eitt år av læretida si i barnehage. Lærlingane skal ha opplæring og verdiskaping. Instruktørane og arbeidsplassane har ei viktig oppgåve gjennom læretida til lærlingen.

##### Barnehagelærarar

Det er underkapasitet på utdanna barnehagepedagogar på landsbasis, dette rårkar også Sykkylven kommune. Det går ikkje å drive barnehage utan å nytte seg av dispensasjonar frå utdanningskravet. Det har vist seg at det er lettare å få kvalifiserte søkjarar til større einingar enn til dei små. Det gir større fagleg utbytte og meir støtte til nyutdanna pedagogar å arbeide i einingar med fleire tilsette.

Rekruttering skal vere eit prioritert område.

Frå 2011 har nyutdanna pedagogar i barnehage krav på rettleiing det første året i ordinært arbeid. Sykkylven kommune har som barnehageeigar ansvar for eit tilbod til nyutdanna i eigen organisasjon og kan og tilby slik rettleiing til nyutdanna i ikkje kommunale barnehagar.

##### Spesialpedagogisk kompetanse

Sykkylven kommune slit i periodar med å finne kvalifiserte pedagogar innanfor tilbodet til barn med særskilde behov etter opplæringslova sin §5.7. Kommunen må over tid finne løysingar som gjer stillingar innanfor det spesialpedagogiske feltet attraktive for kvalifiserte søkjarar.

#### Kompetanseheving

Kvaliteten på tilbudet ein får i barnehagen er knytt opp mot den samla kompetansen som ligg i personalet. Planar og tiltak frå arbeidsgjevar som støttar auka kompetanse gjennom t.d. kurs, vidare og etterutdanning t.d. spesialpedagogikk, fagbrev for assistentar og desentralisert førskulelærarutdanning for assistentar, er eit viktig satsingsområde for å auke kompetanse og behalde kompetanse i egne barnehagar.

#### Kvalitet og brukarbehov

Sykkylven kommune skal levere barnehageplassar med høg kvalitet. Kvalitet er nært knytt til kompetansen hos personalet. Det er ei målsetjing at barnehagane i Sykkylven har kompetente medarbeidarar, fagarbeidar er målet for lågaste fagnivå. Brukarane skal ha eit fleksibelt tilbod med omsyn til opningstid og dei barnehagetilsette skal ha barnets beste som mål i alle samanhengar.

*Kommuneplan for barnehagesektoren skal rullerast med 4 års intervall og er første gong handsama i K-sak 10/09 2008. Planen er justert etter vedtak i k-sak 36/09 om opptaksområde.*

